

Språkstatistikk for departementa i 2001, 2002 og 2003

Språkstatistikken for dei tre siste åra viser at ingen av departementa oppfyller kravet om minst 25 pst. av kvar målform i alle kategoriar av sentralt informasjonstilfang.

Størstedelen av det tilfanget departementa produserer, er proposisjonar og meldingar til Stortinget. Her er det fire av departementa som har oppfylt minstekravet for den siste treårsperioden. Særleg Utdannings- og forskingsdepartementet, men også Landbruksdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet, har oppfylt kravet med god margin. Nærings- og handelsdepartementet hadde akkurat 25 pst. nynorsk i 2003. Kommunal- og regionaldepartementet låg tett oppunder. Elles er det Utanriksdepartementet som ligg nærmast oppunder 25 pst. for den siste treårsperioden sett under eitt. Dette framgår av tabell 1 nedanfor.

Mykje dårlegare stelt er det med nynorskprosenten i andre større dokument. Dette omfattar slikt som m.a. høyringsnotat, brosjyrar, utgreiingar og elles publikasjonar av ulikt slag. Her var det ingen av departementa som oppfylte kravet minstekravet; berre tre departement kom over 10 pst., sju av departementa hadde ikkje nok nynorsk i det heile, og gjennomsnittet var berre 6 pst. Trenden dei siste åra har gått nedover. Dette framgår av tabell 3.

Alle prosenttala i tabell 1 og 3 baserer seg på samla sidetal i dei aktuelle dokumenta. Tala i tabell 1 er nøyaktige registreringar av sidetalet i alle stortingsdokument. Tala i tabell 3 byggjer på eigne rapportar frå kvart enkelt departement, og her kan ein ikkje sjå bort frå ei viss underrapportering.

Tabell 2 viser samla nynorskprosent kortare dokument av ulike slag, slik som pressemeldingar, stillingsannonser, rundskriv, kunngjeringar og liknande. Her er det talet på dokument som er grunnlaget for utrekninga. Her var det også berre fire departement som hadde minst 25 pst. nynorsk. Det var Landbruksdepartementet, Olje- og energidepartementet, Fiskeridepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet.

I St.meld. nr. 9 (2001-2002) varsla regjeringa ein ny giv for nynorsk språkbruk i staten, og sett i høve til dette er tala for 2003 lite tilfredsstillande.

Tabell 1. Stortingsdokument – nynorskprosent etter sidetal

Departement	1994-2003	2001	2002	2003	2001-2003
1. Utdannings- og forskingsdep. ¹	41,5	66,5	46,0	60,9	55,9
2. Landbruksdepartementet	49,4	52,0	35,4	25,1	34,7
3. Kultur- og kyrkjedepartementet ²	35,9	7,7	25,6	52,8	34,7
4. Miljøverndepartementet	19,2	29,9	22,1	33,9	28,3
5. Utanriksdepartementet	17,6	19,2	26,6	18,6	21,3
6. Kommunal- og regionaldep. ³	15,2	8,8	23,6	24,3	19,5
7. Barne- og familielatedepartementet	10,1	13,8	21,2	11,1	16,1
8. Samferdselsdepartementet	13,2	8,5	29,4	8,7	15,8
9. Olje- og energidepartementet ⁴	6,4	34,4	2,6	14,3	14,6
10. Nærings- og handelsdep. ⁵	7,1	1,1	15,9	25,0	14,1
11. Fiskeridepartementet	21,7	15,8	13,6	10,4	12,8
12. Arbeids- og administrasjonsd. ⁶	8,9	7,9	12,2	8,7	9,2

13. Finansdepartementet	8,0	6,5	9,9	9,6	8,5
14. Justisdepartementet	8,5	3,7	4,1	14,7	7,4
15. Helsedepartementet ⁷	6,4	-	1,8	11,3	6,4
16. Forsvarsdepartementet	7,4	4,1	6,2	7,8	5,6
17. Sosialdepartementet ⁸	7,0	1,5	2,2	13,8	5,1
SUM	14,8	14,0	17,1	18,9	16,7

Tabell 2. Andre dokument (under 10 sider) – rapportert nynorskprosent etter talet på dokument

Departement	1998	1999	2000	2001	2002	2003
1. Landbruksdepartementet	36	18	31	21	- ⁹	30
2. Olje- og energidepartementet ¹⁰	13	15	38	29	21	26
3. Fiskeridepartementet	31	20	21	21	18	26
4. Kultur- og kyrkjedepartementet ¹¹	37	34	28	15	29	25
5. Samferdselsdepartementet	15	21	20	16	14	22
6. Utanriksdepartementet	14	16	67	12	13	20
7. Justisdepartementet	10	8	32	26	18	20
8. Finansdepartementet	44	36	26	27	17	15
9. Kommunal- og regionaldep. ¹²	28	36	32	28	28	14
10. Barne- og familielatedepartementet	37	18	41	13	7	9
11. Arbeids- og administrasjonsd. ¹³	26	18	16	7	8	9
12. Helsedepartementet ¹⁴					20	11
13. Sosialdepartementet ¹⁵	27	30	24	5	7	10
14. Miljøverndepartementet	42	38	28	20	12	8
15. Utdannings- og forskingsdep. ¹⁶	35	25	21	8	8	7
16. Nærings- og handelsdep. ¹⁷	15	16	13	11	8	4
17. Forsvarsdepartementet	2	10	9	0	3	0
SUM	25	22	25	17	13	15

Tabell 3. Andre dokument (over 10 sider) – rapportert nynorskprosent etter sidetal

Departement	1998	1999	2000	2001	2002	2003
1. Miljøverndepartementet	42	30	8	6	19	18
2. Utdannings- og forskingsdepartementet ¹⁸	11	8	18	6	0	16

3. Fiskeridepartementet	-	12	29	0	8	15
4. Helsedepartementet ¹⁹	-	-	-	-	7	9
5. Utanriksdepartementet	4	8	0	0	0	7
6. Nærings- og handelsdepartementet ²⁰	5	0	0	3	11	5
7. Kommunal- og regionaldepartementet ²¹	8	11	22	23	26	4
8. Barne- og familiedepartementet	11	19	24	4	4	3
9. Kultur- og kyrkjedepartementet ²²	13	5	2	5	13	2
10. Justisdepartementet	2	1	4	4	1	2
11. Arbeids- og administrasjonsdep. ²³	12	8	53	37	8	0
12. Finansdepartementet	6	15	6	12	4	0
13. Sosialdepartementet ²⁴	6	7	20	10	0	0
14. Landbruksdepartementet	1	0	11	2	- ²⁵	0
15. Forsvarsdepartementet	-	0	-	-	0	0
16. Olje- og energidepartementet ²⁶	0	0	0	0	0	0
17. Samferdselsdepartementet	0	0	0	0	0	0
SUM	12	10	13	9	8	6

¹ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kyrkje,- utdannings- og forskingsdepartementet.

² Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kulturdepartementet.

³ Tala frå før 1.1.1998 gjeld Kommunal- og arbeidsdepartementet

⁴ Departementet vart oppretta frå 1.1.1997.

⁵ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Nærings- og energidepartementet

⁶ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Administrasjonsdepartementet og for året 1997 Planleggings- og samordningsdepartementet.

⁷ Departementet vart oppretta frå 1.1.2002.

⁸ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Sosial- og helsedepartementet

⁹ Ikke levert rapport pr. 26. februar 2002.

¹⁰ Departementet vart oppretta frå 1.1.1997.

¹¹ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kulturdepartementet.

¹² Tala frå før 1.1.1998 gjeld Kommunal- og arbeidsdepartementet.

¹³ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Administrasjonsdepartementet og for året 1997 Planleggings- og samordningsdepartementet.

¹⁴ Departementet vart oppretta frå 1.1.2002.

¹⁵ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Sosial- og helsedepartementet

¹⁶ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kyrkje,- utdannings- og forskingsdepartementet.

¹⁷ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Nærings- og energidepartementet.

¹⁸ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kyrkje,- utdannings- og forskingsdepartementet.

¹⁹ Departementet vart oppretta frå 1.1.2002.

²⁰ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Nærings- og energidepartementet.

²¹ Tala frå før 1.1.1998 gjeld Kommunal- og arbeidsdepartementet.

²² Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kulturdepartementet.

²³ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Administrasjonsdepartementet og for året 1997 Planleggings- og samordningsdepartementet.

²⁴ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Sosial- og helsedepartementet.

²⁵ Ikke levert rapport pr. 26. februar 2002.

²⁶ Departementet vart oppretta frå 1.1.1997.